

Sjå adresseliste


Dato: 09.04.21
Vår ref: Siri Gausemel
Dykkar ref:

Varsel om oppstart – detaljregulering Fritidsbustader, Skår, Ytre Fjellbygda, Gloppen kommune

Nordplan vil i medhald av plan og bygningslova §12-8 varsle oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for fritidsbustader på gnr/bnr 60/1, Skår, i Ytre Fjellbygda.

Runar Kleppe er tiltakshavar og Nordplan AS er utførande konsulent. Oppstart er annonsert i avisa Firda Tidend. Utfyllande informasjon er å finne på Gloppen kommune sine internettsider, www.gloppen.kommune.no, og på Nordplan sine sider <http://www.nordplan.no/>. Naboar og berørte partar vert med dette varsla direkte.


Planområdet ligg på eit areal som dei siste åra har vore lite nytta. Sjå planinitiativet i saka for nærare informasjon om området og planarbeidet.



Lokalisering

Planområdet i Ytre Fjellbygda ligg i nærleiken av gardstunet på eigedomen, området ligg om lag 5 km med bil frå kommunesenteret på Sandane, i Gloppen kommune.

Ein legg opp til at plangrensa skal følgje eigedomsgrensene langs sør, aust og vest. Langs vestre side er avgrensinga samanfallande med linja i kommuneplanen sin arealdel, eller området er noko redusert. Skissert planområde har eit samla areal på om lag 32 daa.



Annonsert plangrense

Tilhøvet til overordna planar


Kommuneplanen sin arealdel Gloppen kommune 2008-2020



I kommuneplanen sin arealdel for Gloppen ligg nedre del av området inne med føremålet «Fritidsbusefnad». Det kjem fram gjennom dialog med Gloppen kommune at det må utarbeidast detaljreguleringsplan før det vert gjeve byggeløyve på området. Øvre el ligg som LNF-område, der det ikkje er høve til spreidd utbygging.

Kommuneplanen sin arealdel Gloppen kommune 2020-2030

I samband med at det vart arbeidd med ny arealdel, har grunneigar spelt inn ynskje om ei utviding av føremålet «Fritidsbustader». I høyringsutkastet som er tilgjengeleg per dags dato ligg denne inne i plankartet, slik det går fram av utklippet til høgre.



Det er vedteke ny retningslinjer for kjerneområde landbruk i februar 2021. Sjå utklipp til venstre. I denne kartlegginga ligg planområdet ikkje innanfor kjerneområde landbruk. Innmarka omkring gardstunet er registrert som «matproduksjon og kulturlandskap, prioritering 2». Med bakgrunn i denne vurderinga vert vurderingstema landbruk ikkje vektlagt meir enn vanlig. *Over: Kjerneområde landbruk med gul linje, grøn skravor indikerer «matproduksjon og*

kulturlandskap, prioritering 2». Utklippet er oversendt frå Gloppen kommune 24.03.21.

Hovudpunkt i planarbeidet

Planarbeidet legg opp til noko omarbeiding av terrenget for tilkomst og bygningar, ut over dette er det ei målsetjing å ta vare på etablert vegetasjon, spesielt i området nedanfor vegen. området, m.a. for å skape gode areal med lys og betre utsikt. Arbeidet medfører nokre avklaringspunkt som skal følgast opp i arbeidsfasen:

- Landskapsverknad
- Risiko og sårbarheit
- Naturmangfald
- Infrastruktur, veg, vatn, avløp og overvatn.

Meir utfyllande informasjon om planarbeidet går fram av planinitiativet som er utarbeidd i saka.

Forskrift om konsekvensutredningar (KU-forskrifta)

Det er ved gjennomgang av KU-forskrifta ikkje identifisert problemstillingar som det er behov for å drøfte i ein konsekvensutgreiingsarbeid. Det er ikkje er identifisert behov for tunge vurderingar eller eksterne rapportar i saka. Med bakgrunn i vurderingane som går fram av planinitiativ/planprogram og gjennomgangen frå oppstartsmøtet legg ein opp til å skildre

verknaden av planen som del av planomtalen og vurdere dei aktuelle tema som ein del av ein grundig planomtale og ROS-analyse. Det er lagt opp til at planinitiativ i saka også tener som planprogram (kap. 1.12).

Innspel til planarbeidet

Det er høve til å kome med innspel/merknader til varsel om planoppstart. Alle skriftlege innspel vil bli vurdert og kommentert i saksframstillinga. Når eit framlegg til reguleringsplan er utforma, vert dette behandla av Gloppen kommune, med sikte på utlegging til offentleg ettersyn. Det vert høve til å uttale seg til planen også ved offentleg ettersyn.

Merknader eller innspel til planarbeidet skal vere skriftlege, og sendast:

på e-post til: sg@nordplan.no

evt. i brev til Nordplan AS, Pb 224, 6771 Nordfjordeid

med kopi til Gloppen kommune, post@gloppen.kommune.no, eller til Rådhusvegen 11, 6770 Nordfjordeid.

Frist for innspel er sett til fredag 20.05.2021

Med helsing
for Nordplan AS



Siri Gausemel
Arealplanleggar

Kopi til:
Runar Kleppe, r.kleppe@online.no

Mottakarakar:

Offentlege høyringspartar		
Instans:	Adresse:	E-post:
Statsforvaltaren i Vestland		sfvlpost@statsforvalteren.no
Vestland Fylkeskommune		post@vflk.no
Statens Vegvesen, region vest		firmapost@vegvesen.no
NVE, Region Vest		rv@nve.no
Linja AS		kundesenter@linja.no
Nordfjord miljøverk IKS		post@nomil.no
Telenor Kabelnett		kabelnett@telenor.com
Gloppen kommune	Ein ber om at saka vert distribuert til relevante representantar i organisasjonen	post@gloppen.kommune.no
Gloppen Bondelag		Kristen Grov

Lokale høyringspartar:

Namn	Gnr/bnr
Stig - mail	60/2
Elsa - mail	60/3
Bård Kjetil Aske	61/1
Arild Fjellestad Tystad	64/1

Vedlegg sendt til mail- mottakarakar:

- Planinitiativ/planprogram
- Referat frå oppstartsmøte
- Plangrense

Denne informasjonen finn de også på www.gloppen.kommune.no, og på Nordplan sine sider www.nordplan.no